

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 14.04.2011

### SAKLISTE

- 10/11 DELEGASJONSSAKER
- 11/11 SKRIV OG MELDINGAR
- 12/11 TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR
- 13/11 OPPRETNING AV IDRETTSKULE I GULEN KOMMUNE
- 14/11 RETNINGSLINJE FOR DEMENSOMSORG I GULEN KOMMUNE
- 15/11 NORDHORDLAND DIGITALT – VEGEN VIDARE
- 16/11 TILTAKSTRATEGI FOR SMIL-MIDLAR I GULEN
- 17/11 GODKJENNING AV GBNR. 75/4 BRANDANGER REGULERINGSPPLAN FOR KALVEDALEN FRITIDSBUSTADER
- 18/11 HOVDEN II BUSTADFELT - UTVIKLING

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl 13.00.

Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Nye saker kan kome til. Møtet er ope for publikum.

Alle er velkomne

Ordfører Trude Brosvik

## Klagehandsaming eigedomsskatt

Sakunnig klagenemnd starta i oktober 2010 arbeidet med handsaming av klager etter innføring av allmenn eigedomsskatt i 2009. Arbeidet er venta ferdig i løpet av 1. halvår 2011. Når det gjeld søknad om fritak etter § 7c, som gjeld fritak for rehabiliterte bustadhus med dokumenterte kostnader over kr 500 000,-, vert desse søknadane handsama av formannskapet. Arbeidet er venta ferdig 1. halvår 2011. Dei som får medhald i klage og dei som får fritak etter § 7c, vil få etterbetalt innbetalt sum med renter.

## Gulen og Masfjorden brannvern

Gulen og Masfjorden kommunar har gjennom fellesprosjekt med revisjon av brannordningane, vedteke å slå saman brannverna til ei felles eining. Til å leie denne eininga og gjennomføre tiltak i samsvar med brannordningane, søker vi no etter **brannsjef/prosjektleder** i ei 2-årig prosjektstilling (100 %). For meir informasjon, sjå på heimesida til kommunen.

## Serviceskyss i Gulen 2011

### Finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune

#### Byrknes:

Transport frå Sandøy, Mjømna og Byrknesøy til Byrknes sentrum kl 16.00, retur om lag kl 18.00. Startar **fredag 15. april** – kvar 14. dag tom. fredag 1. juli.

Oppstart etter sommarferien fredag 12. august. Bestilling innan kl 18.00 dagen før til Anne Mette Andreassen på tlf. 922 81 877.

#### Dalsøyra:

Transport frå Furnes og Dalsbygda til Dalsøyra sentrum kl 15.30. Retur etter avtale. Startar **torsdag 14. april** – kvar 14. dag tom. torsdag 30. juni.

Oppstart etter sommarferien torsdag 11. august. Bestilling innan kl 18.00 dagen før til Ivar Eide på tlf. 908 83 829.

#### Eivindvik:

Transport frå Rutledal/Nordgulen/Dingja til Eivindvik sentrum ca. kl 10.00. Retur etter avtale.

Startar **fredag 15. april** – kvar 14. dag tom. fredag 1. juli.

Oppstart etter sommarferien fredag 12. august. Bestilling innan kl 18.00 dagen før til Bente Halsvik på tlf. 904 04 628.

#### Brekke:

Transport frå Oppedal/Kringla/Brekke/Takle til Brekke sentrum kl 16.00. Retur etter avtale. Startar **onsdag 13. april** – kvar 14. dag tom. onsdag 29. juni.

Oppstart etter sommarferien onsdag 10. august. Bestilling innan kl 18.00 dagen før til Henrik Monar Ynnesdal på tlf. 907 68 644.

**Pris kr 15,- (30,- t/r). Dersom du har spørsmål til rutene, ta kontakt med di næraste drosje.**

**Gulen Taxi AS v/ Ivar Eide**

## Plannytt

### Kommunedelplan for Sløvåg – Steine – Skipavik



Planen pågår, og konsekvensutgreiing av inngåande innspel og merknader er snart ferdig. Det er venta at planen skal kome som framlegg for 1. gongs offentleg ettersyn før sommaren.

### Kommunedelplan for Eivindvik

Formannskapet hadde planen oppe som meldingssak i marsmøtet med oppsummering og oversikt over alle innspel og merknader.

### Interkommunal plan for Fensfjorden

I eit samarbeid med 4 andre kommunar langs Fensfjorden basseng er planarbeidet starta opp.

### Reguleringsplanar

Plan for Tusenårsstaden Flolid, gbnr. 23/3, er endeleg godkjent.

Plan for Dyrnappen, gbnr. 95/23, er godkjent.

Varsel om planoppstart for Nappen hyttegrend har fått utvida frist.

Endring av veg til Kyrkjøyna, gbnr. 6/1, vart starta opp med planarbeid.

Plan for Dingeneset sør, gbnr. 14/3, er lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn.

Plan for Botnen campingplass, gbnr. 135/1, er lagt ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

Søknad om oppstartvarsel for reguleringsplan på Storevågsneset, gbnr. 75/4 Brandanger, vart handsama i HPU-møte 1. april.

Mindre endring etter motsegn frå Fylkesmannen for planforslag; reguleringsplan Kalvedalen, vart handsama i HPU-møte 1. april.

### Prosjekt

Strandsoneanalyse for Sløvåg, Brandangersundet og Eivindvik pågår. Ein konsulent skal kome med planrapport og plankart som viser sårbar område i strandsona. Rapporten fungerer som rettleiar ved handsaming av søknader innafor strandsona.

Du finn meir informasjon på vår heimeside under [www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)

## Teljing av hjort på innmark våren 2011 i Gulen kommune

Det er no 12 år sidan vi starta hjorteteljing på innmark i Gulen.

Resultat frå tidlegare teljingar, finn du på heimesida til Gulen kommune under *Næring - Fiske, fangst og havbruk*.

Ei årleg teljing vil gi forvaltninga eit betre bilete av utviklinga til hjortestamma i åra framover og det vil styrke avgjerdsgrunnlaget ved tildeling av fellingsløyve.

Teljinga i år vil føregå som tidlegare, der ein deler kommunen inn i 11 teljeruter med passende lengde. Ein startar kl 23.00 og køyrer langs rutene med bil, to personar i kvar bil. Ved hjelp av ein handhalden lyskastar lyser ein opp teigen, tel hjorten som beiter der og noterer dette på vedlagt skjema.

Ein nyttar offentlege vegar der ein kan. I nokre tilfelle vert det naudsynt å køyre på private vegar og kanskje inn på tunet til nokre av gardane for å kome til teigane med bil.

Teljinga vil i år føregå tre fredagskveldar, 15. april, 29. april og 6. mai.

### Merke- og utviklingsprosjektet for hjort - Hordaland og Sogn



Gulen kommune slutta seg til prosjektet og merka 3 koller på Eidsbotn i februar og mars 2010. Desse fekk nr. 20, 21 og 22. Den eine kolla, nr. 20 vart skoten på Lindås hausten 2010.

I mars 2011 har vi fått merka 1 kolle og 1 bukk på Takle, desse har fått nr. 28 og 31.

Bevegelsesmønsteret til desse tre dyra kan du følgje ved å logge deg inn på [www.hordahjort.no](http://www.hordahjort.no)

### Observasjonar av GPS-merka dyr

Prosjektet er avhengig av eit godt samarbeid med jegerar, grunneigarar og andre interesserte. Om det vert observert eit merka dyr med GPS-halsband ynskjer prosjektet informasjon om dette på e-post til [post@hordahjort.no](mailto:post@hordahjort.no) eller sms til 404 80 203. Gje straks melding om kollene har vårkalv med seg. Ved jakta 2011 ber vi om at GPS-dyra blir spart, inntil nærare gitt beskjed.

Sjå GPS-hjort skjema og infoark på heimesida til Gulen kommune, [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

## Demensinformasjon

### 10 tidlege teikn på demens

Denne oversikta over tidlege teikn på demens viser typiske skilnadar på problem som alle kan ha, og problem som kan vere knytt til demenssjukdom.



### Hukommelsestap som påverkar arbeidsevna:

Det er normalt å gløyme eit gjeremål, ein tidsfrist eller namnet til ein kollega.

Personar med demens kan oppleve hyppig gløyming eller uforklarleg forvirring.

### Problem med å utføre vanlege oppgåver:

Det er normalt at travle menneskje kan gløyme detaljar, som til dømes å servere noko av tilbehøret til eit større måltid.

Personar med demens kan gløyme å servere maten dei har laga, eller til og med gløyme at dei har laga maten.

Språkproblem: Alle kan ha problem med å finne dei rette orda.

Personar med demens kan gløyme heilt enkle ord, eller bruke ord som er meningslause i samanhengen.

Desorientering i forhold til tid og stad: Det er normalt å vere usikker på kva vekedag det er, eller kva ein skal kjøpe i butikken.

Personar med demens kan gå seg bort i sitt eige nabolag utan å vite korleis dei kom seg dit, eller korleis dei skal finne vegen heim.

Svekka dømmekraft: Mange kan gløyme å ta med genser eller jakke ein kjølig kveld.

Personar med demens kan gå i butikken i morgonkåpa eller gå ut i snøen med tøfle på.

Problem med abstrakt tenking: Det kan vere vanskeleg å handtere alle sider ved den personlege økonomien sin.

For personar med demens kan det vere helt umogeleg å forstå tal og utføre enkle reknestykke.

Feilplassering av gjenstandar: Alle menneskje rotar bort nøklar og lommebøker frå tid til annan. Personar med demens kan legge gjenstandar på fullstendig feil stad, som strykejern i kjøleskapet og armbandsur i sukkerkoppen. Ofte har dei inga forklaring på kvifor tinga vart plasserte der.

Forandringar i humør: Alle opplever svingingar i humøret. Det er ein del av det å vere menneskje.

Personar med demens har ein tendens til raskare humørsvingingar, utan tydeleg årsak.

Åtferdsendringar: Det er ikkje uvanleg å endre seg til ein viss grad når ein vert eldre.

Personar med demens kan utvikle dramatiske åtferdsendringar, enten plutselig eller over lengre tid. Ein som tidligare var ubekymra og sorglaus kan bli sint, mistenksam eller engsteleg.

**Tap av initiativ og engasjement, både for aktiviteter og menneskje:** Det er normalt å gå lei av husarbeid, jobb eller sosial omgang. Dei fleste vil likevel oppretthalde ei interesse for slike aktiviteter, og kanskje etterkvart få gnisten attende.

Personar med demens fortset med å vere uinteresserte og uengasjerte i mange eller alle sine tidlegare aktiviteter.

*Det er ei eiga nettside der publikum kan få relevant informasjon: [www.aldringoghelse.no](http://www.aldringoghelse.no)  
Viss du ønskjer å komme i kontakt med demensteamet i Gulen kommune kan du ringe: 416 10 972 eller 957 02 551 frå måndag til fredag mellom klokka 12.00 og 16.00.*

Demensteamet i Gulen kommune.

## Informasjon frå Gulen helsestasjon

Tilsette:

Leiande helsesøster Hennie K. Lefdal – ansvar for skulehelsetenesta Eivindvik skule. Alle helsestasjonane 0-6 år. Reisevaksinering m.m.

Helsesøstervikar Jill Eva Areklett – ansvar for skulehelsetenesta på Brekke, Dalsøyra og Byrknes skule.

Kontaktinfo:

Hennie: 979 75 760,  
[hennie.lefdal@gulen.kommune.no](mailto:hennie.lefdal@gulen.kommune.no)

Jill Eva: 945 06 799,  
[jill.eva.areklett@gulen.kommune.no](mailto:jill.eva.areklett@gulen.kommune.no)

Hovudkontor i Eivindvik, Eivindvikvegen 1102, 5966 Eivindvik.

## Informasjon frå tannhelsetenesta



Det har den siste tida vore vanskeleg å nå tannlegen per telefon. På grunn av nedbemanning, har det ikkje alltid vore mogeleg å bemanne telefonen. Tannklinikken beklager dette sterkt. Dersom du ikkje kjem gjennom på telefon, skriv gjerne ein e-post til [stefan.loutchan@sfj.no](mailto:stefan.loutchan@sfj.no)

Det er forventa at situasjonen vert betre etter påske.

Tannklinikken er stengd grunna ferie i perioden 28. mars til og med 25. april.

## Nytt turlag

Ytre Sogn Turlag vart stifta 09.01.2011. Det femner om kommunane Gulen og Solund. Barnas Turlag i begge kommunar er no ein del av YST. Organisasjonen er medlem i Den Norske Turistforening. Det er laga turprogram som kjem ut til alle husstander før påske. Vi prøver òg å legge ut turane på Gulen kommune sin kulturkalender.

Alle er hjarteleg velkomne på tur. Me har som motto "kjenn din kommune", og legg opp turar for alle grupper. Turane er opne for alle.

Dersom du er interessert i å vere aktiv som turleiar, vert det helde grunnleggjande turleiar kurs 30.04 og 01.05 i Gulen.

Vil du ha meir info kan du kontakte YST ved leiar Wenche Midthun, tlf. 416 18 443. Det vil også komme heimeside [www.turistforeningen.no/YST](http://www.turistforeningen.no/YST)

Neste tur vert 10.04.11: Nordsjøløypa

Ytrøy – Hjøneevåg, familietur:

Kontakt Anne Kristine Dyrdal tlf. 918 62 055.

Steinsfjellet, familietur:

Kontakt Rita Bøe tlf. 957 56 148.

## Det skjer i kyrkja

17. april kl 15.30:

Familiegudsteneste på Byrknes bedehuskapell.

21. april (Skjærtorsdag) kl 19.00:

Påskemåltid i Gulen kyrkje, Eivindvik.

22. april (Langfredag) kl 11.00:

Pasjonsgudsteneste i Brekke kyrkje.

24. april (Påskedag) kl 11.00:

Høgtidsgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.

24. april (Påskedag) kl 15.30:

Høgtidsgudsteneste i Mjømna kyrkje.

25. april (2. påskedag) kl 11.00:

Høgtidsgudsteneste i Brekke kyrkje.

1. mai kl 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.

8. mai kl 11.00:

Konfirmasjonsgudsteneste i Brekke kyrkje.

15. mai kl 11.30:

Konfirmasjonsgudsteneste i Mjømna kyrkje.

17. mai: Sjå oppslag.

22. mai kl 11.00:

Konfirmasjonsgudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.

29. mai kl 15.00:

Familiegudsteneste i Risnehallen i Brekke Barnekora frå Ostereidet og Leknes deltek.

2. juni (Kr. himmelfarts dag) kl 11.00:

Gudsteneste i Gulen kyrkje, Eivindvik.



*Det vert kunst, mat og husflidsmesse på Oppdalsøyra 16. og 17. april. Her kan ein også kjøpe betasuppe, rømmegraut, kaffi og kaker. Billett for vaksne er kr 30,-. Born under 16 år går gratis. Vel møtt!!*

*Oppningstider:*

*Laurdag 16.april. 11.00-17.00*

*Sundag 17.april. 12.00-17.00*

## Eivindvik Fjordhotell har som mål:

- \*Gje eit godt lokalt tilbod om mat og drikke, overnatting og arrangement for alle private.
- \*Være eit attraktivt møte- og konferansevalg for nærings- og org.- livet lokalt og regionalt
- \*Tiltrekke oss og heile området, turistar og reisande i alle årstider.

Heile året tek me imot bestillingar på overnatting og arrangement. Frå mai-2011 har me 22 rom å tilby gjester, nye fine møterom og

me kan ta opp til omlag 100 i bordsete/arrangement.



## Opningstider: frå 20 mai :

07.00-24.00: Resepsjon samt lett mat/ lunsj drikke og kioskarer

15.00-22.00: Restaurant med middagsservering sjå og eige oppslag

Velkommen som gjest hos oss, tel. 57784310